Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Beit og Brom  Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.  Herad: Balestrand

Emne: Ris.  Bygdelag: Tjugum sokn

Oppskr. av: Ivar Tjugum  Gard: Tjugum

(adresse): Balestrand  G.nr. 19  Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og etter forteljing av far og Bestefar. far var fødd 1849 og Bestefar i 1821.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ein har nytta og nyttar framleis slikt fôr, som her vert kalla Ris. Treslagi som her vert nytta til ris er: Bjørk, Osp og rauen, som helst vert nytta til vinterfôr. Når det lid meir fram på våren vert nytta ris av selje eik og alm.

2.) Her kallast det å risa (no-risar). Dersom riset vert hogge i nærleiken av vegen vert nytta vanleg slede å køyra det heim på. Skal riset hentast lenger tieskogs i bratt mark. nyttar ein enten å legge risbuskane i eit tog som ein snører tjukkendane saman med og dreg så riset på snøføre. eller ein brukar ein liten lett slede med berre ein tvergåande bjelke og denne sleden kallast droge-skåk (skaok på dialekt) - denne er så lett at ein kan ta den på ryggen med til skogs. Denne skaok skal vera å legg-gja tjukkendane av riset oppå for at dei under droging nedover bakken ikkje skal setja seg fast i snøen eller ned i bakken

3) På etterjulsvinteren. Fôr av skog som er vinter-

1185

hoggen enten det er tidleg på vinteren eller
Seinvinters vert her Kalla ris.
Raun og björk vert tiedes fellt heile tre
og veden og Riset Kjöyrt heim til brennved
og fór.- Om våren vert riset av Alm
og Selja hogge til bladknoppen har
folda seg ut..

4) Her Kallast riedkopen Snil 

5) Ku, Sau og Geit. Föret vert ikkje
blanda med anna fór men brukt for=
seg sjölv.

6) Riset ligg ute til det vert finkvista
og innbore til Krötri. Sau og geit
vert ofte slept ut, så dei kan få
gnaga riset sjölve ute i risdunga.

7) Her Kjenner ein ikkje den skikken at
det skulle vera noko ekstra med risinngi
langfredag meir enn andre dagar, og
noko vedkommande risinn langfredag
Kjenner ein ikkje i så måte.
Ein har derimot etter gamalt eit ordtöke:
„Å gjeva langefredag". Denne gåva på
Lang.fredag. bestod seg i at ein eller annan
på Garden var tidleg oppe (stod tidleg opp
or sengi) gjekk åt risdungen og tok ei
buske og gjekk på Soveromi åt dei
andre folki på Garden og gav dei som
låg i Sengene.-ris (slog på berre Kroppen
med denne buska) Visseleg kan denne
Skikken föras attende til Jesus si
liding om langfredag.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

Her i Balestrand har vore brukt å „nava" greinene av treet utan å felle treet av roti særleg med Alm, Selje Eik og tildels rogn. Når bjørk vert brukta til ris vert treet tilvanleg rotlegg-gg og sidan kvista med snil. Snilen som vart nytta til å nava greinene av treet medan det står på rot kallast „navsnil" og er ein del større i godset og tyngre enn ein vanleg kvistesnil, lauvsnil". Eit tre som vert snau-hogge for greiner og sidan vert ståande framleides på rot og vekse — vert her kalla „navstuv".




I gamal tid var folk særleg tidleg om morgonen då dei skulle droga til skogs på rising. Det var vanleg at dei var komne på arbeidsplassen så tidleg i grålysingi at ein ikkje kunne sjå kva treslag som stod der. Ein måtte bita i kvisten og på smaken kjenna kva treslag ein skulle hogga. (risa)

1185

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY